



Vegen er ei rystande oppleving også om sommaren

**Ordførar Synnøve Solbakken har no lova å ta opp med rådmannen vegproblema øverst i dalen, som i det siste har vore større enn vanleg på grunn av stort snøfall. Det gjeld grusvegen frå Friheim til enden av Fjellandsbøvatnet, som det er kommunens ansvar å vedlikehalda.**

På 1960-talet vart vegen utbeta av Sverre Myklebust. Før det var han privat og i dårleg stand.

Det vart gjort avtale med kommunen om overtaking av vedlikehald og brøyting etter oppgradering. Seinare var vedlikehaldet vore utført av Sverre

Myklebust som var tilsett som vegvaktar for Uskedalen i kommunen, Vedlikehaldet har til einkvar tid skjedd med minimale kostnader.



Problemvegen startar ved Friheim

Dei siste åra har det vore utlyst på anbod og den som er tildelt roder har vist vilje til å utføre jobben. Men vedkommande har vorte stoppa ved fleire høve av vegvaktar Øyvind Hardeland, hevdar Simund Myklebust i ei orientering for ordføraren. Dette har ført til at vegen ikkje har vore kjørbar og bilar har sett seg fast og vorte skada. Vegen har ikkje vorte vedlikehaldt om sommaren og nedbør har øydelagt han. Det er ein ny entreprenør som har jobben på denne roden, men han har nekta å gjera jobben på grunn av dårleg vedlikehald. Hardeland har no opplyst til Myklebust at det ikkje lenger skal utførast vedlikehald. Myklebust skriv til ordføraren at hvis det skal skje ei endring, må det skje ved eit politisk vedtak.

Myklebust opplysar at det bur folk i huset på Fjellandsbø og at vegen vert mykje nytta av lokalbefolkningen som turveg. Han har lagt til rette for parkering langs vegen og snuplass ved enden. Den er sommarstid nytta mykje av turistar og spesielt då av klatrarar som teltar ved enden av vegen, Hvis den ikkje vert vedlikehalda, vert den sperre for ålmenta, sleg Myklebust fast. Ved Friheim er det ingen kommunale parkeringsplassar.

17. januar kom det mykje tung snø og kraftlinjene vart for tunge og datt ned. Kvinnherad Energi sine foilk kom raskt ut, men vart stoppa på Friheim der vegen ikkje var brøytta vidare. Dei måtte difor vassa i tung og blaut snø. For å løysa problemet måtte ein lokal brøytar engasjerast.

- Det hadde ikkje vore naudsynt hvis vegen hadde vore halde ope, konkluderar Myklebust.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen